

---

**Saksnr:** 2022/486-94**Saksbehandlar:** Ingrid Fagerheim Sættem

---

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Styret for Fagskulen Vestland	VS 13/23	E-post 02.10.2023

## Høyringsfråsegn - forslag til endringar i lov og forskrift om høgare yrkesfagleg utdanning

### Forslag til vedtak

1. Styret for Fagskulen Vestland gjev høyringsfråsegn om forslag til endringar i lov og forskrift om høgare yrkesfagleg utdanning slik det kjem fram av saka.

### Samandrag

Kunnskapsdepartementet har sendt forslag til endringar i lov og forskrift om høgare yrkesfagleg utdanning på høyring med frist 12.10.2023. Høyringsnotatet inneheld forslag om institusjonsakkreditering for fagskular, ein generell unntaksheimel frå fagskulelova, dispensasjon frå opptakskrava, rett til permisjon frå studia, forbod mot gjengjelding ved varsel om kritikkverdige forhold og andre endringar i lov og forskrift. Fagskulen Vestland støttar hovudsakeleg departementet sine forslag til endringar, men vil nytte anledninga til å kommentere kapitla om institusjonsakkreditering, NOKUTs tilsyn og saksbehandlingsreglar, studiepoeng og økonomiske og administrative konsekvensar.

**Torbjørn Mjelstad**  
rektor

**Adeline Berntsen Landro**  
prorektor organisasjon og samhandling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Kunnskapsdepartementet har sendt forslag til endringar i lov og forskrift om høgare yrkesfagleg utdanning på høyring med frist 12.10.2023. Høyringsnotatet inneheld forslag om institusjonsakkreditering for fagskular, ein generell unntaksheimel frå fagskulelova, dispensasjon frå opptakskrava, rett til permisjon frå studia, forbod mot gjengjelding ved varsel om kritikkverdige forhold og andre endringar i lov og forskrift. Fagskulen Vestland støttar hovudsakeleg departementet sine forslag til endringar, men vil nytte anledninga til å kommentere kapitla om institusjonsakkreditering, NOKUTs tilsyn og saksbehandlingsreglar, studiepoeng og økonomiske og administrative konsekvensar.

Høyringsnotatet finn ein her:

[https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/horing-forslag-til-endringer-i-lov-og-forskrift-om-hoyere-yrkesfaglig-utdanning/id2984873/?utm\\_source=regjeringen.no&utm\\_medium=email&utm\\_campaign=nyhetsvarsel20230622](https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/horing-forslag-til-endringer-i-lov-og-forskrift-om-hoyere-yrkesfaglig-utdanning/id2984873/?utm_source=regjeringen.no&utm_medium=email&utm_campaign=nyhetsvarsel20230622)

### Om forslaga til endringar i lov og forskrift om høgare yrkesfagleg utdanning

#### Institusjonsakkreditering

I høyringsnotatet føreslår departementet å opne opp for at fagskular kan søkje om institusjonsakkreditering. Ei institusjonsakkreditering vil innebere at fagskulane får sjølvakkrediteringsrett på alle fagområde, altså ein åtgang til sjølv å etablere, endre og leggje ned eigne fagskuleutdanningar. Det vil vere naudsynt å stille særskilde vilkår for institusjonsakkreditering, og departementet ber høyringsinstansane om innspel til kva vilkår og kriterium som bør gjelde for institusjonsakkreditering i fagskulesektoren.

#### Unntak frå reglane i fagskulelova

Etter Sjøforsvarets pilot med minedykkarutdanninga ønskjer Forsvaret eit permanent unntak frå fagskuleregelverket, slik at Forsvaret sine kurs og utdanningar kan akkrediterast som fagskuleutdanningar. Bakgrunnen for forslaget er at Forsvarets organisering og struktur ikkje enkelt kan tilpassast krava i fagskuleregelverket. Samstundes opnar ikkje dagens fagskulelov opp for permanente unntak frå lova, eller for at lova kan anvendast delvis av fagskular som ikkje kan følgje regelverket i sin heilskap. Departementet føreslår derfor ein generell unntaksheimel i fagskulelova.

#### Dispensasjon frå kravet om fullført og bestått vidaregåande opplæring for opptak

Departementet føreslår ein heimel for å kunne gje dispensasjon frå kravet om fullført og bestått vidaregåande opplæring for opptak til fagskuleutdanning i særskilde tilfelle. Forslaget vil innebere at søkjarar som har naudsynte faglege føresetnadar for å gjennomføre utdanninga kan få opptak, sjølv om dei ikkje har fullført og bestått vidaregåande opplæring. Søkjaren må dokumentere at varig sjukdom, funksjonshemjing eller liknande har gjort det umogleg å oppfylle krava for å oppnå generell studiekompetanse, yrkeskompetanse, fag- eller sveinebrev frå vidaregåande opplæring.

#### Permisjon og forbod mot gjengjelding ved varsling

Fagskulelova gjev studentane rett til permisjon ved graviditet eller omsorg for barn, men ein generell permisjonsåtgang er i dag ikkje regulert i lova. Departementet føreslår derfor ein generell rett til permisjon for fagskulestudentar ved tenesteplikt, verv i studentpolitiske organ, ved sjukdom eller ved andre tungtvegande grunnar. Departementet føreslår i tillegg å lovfeste ein rett for studentane til å varsle om kritikkverdige forhold ved fagskulen og eit forbod mot gjengjelding ved varsling.

Departementet føreslår i tillegg enkelte andre endringar i fagskulelova og fagskuleforskrifta. Dette omfattar mellom anna:

#### **Akkreditering**

- Ei endring i definisjonen av omgrepet «akkreditering».
- Å flytte reglane om søknadskarantene ved avvising eller avslag på søknad om akkreditering frå fagskuleforskrifta til fagskulelova.
- Å presisere i fagskulelova § 9 at styret si plikt til å sørgje for at verksemda vert drive i samsvar med gjeldande lovar og reglar også inkluderer ein systematisk kontroll med vilkåra for akkreditering, som del av fagskulen sitt interne kvalitetsarbeid.
- Å klargjere fagskulelova § 5 om departementet sitt mynde til å gje forskrift om tilsyn, kvalitetsarbeid, vilkår for akkreditering m.m.

#### **NOKUTs tilsyn og saksbehandlingsreglar**

- Å regulere dei grunnleggjande premissane for NOKUTs tilsynsverksemd med kvalitetsarbeidet og vilkåra for akkreditering i fagskulelova.
- Å flytte reglane om fagskulane si bistands- og opplysningsplikt frå fagskuleforskrifta til fagskulelova.
- Å flytte NOKUTs heimel til å påleggje retting ved manglar ved kvalitetsarbeidet eller vilkåra for akkreditering frå fagskuleforskrifta til fagskulelova.
- Å flytte NOKUTs heimel til å treffe vedtak når fagskulen har fått pålegg om retting, men framleis har manglar etter opprettingsfristen, frå fagskuleforskrifta til fagskulelova.
- Å gje NOKUT heimel i fagskulelova til å vedta at fagskulen kan miste retten til å få behandla søknad om akkreditering og retten til å opprette nye utdanningar ved alle pålegg om retting, og når fagskulen framleis har manglar etter opprettingsfristen, uavhengig av om tilsynet gjeld kvalitetsarbeidet eller vilkåra for akkreditering.
- Å presisere i fagskulelova at NOKUTs åtgang til å trekkje tilbake akkrediteringar skal gjelde for alle typar av tilsyn, og for alle typar av akkrediteringar.

#### **Studiepoeng**

- Å fastsetje ein eigen paragraf i fagskulelova om studiepoeng kor innhaldet frå dagens reglar i fagskulelova og fagskuleforskrifta vert samla.

#### **Vilkår for treårig fagskuleutdanning**

- Å klargjere fagskulelova § 4 a om departementet sitt mynde til å gje forskrift om krav til innhald og omfang for treårig fagskuleutdanning.

#### **Skikkaheit og skikkanemnd**

- Å endre fagskulelova § 26 første ledd om skikkaheit, og klargjere departementet sitt mynde til å gje forskrift om skikkavurdering og skikkanemnd i femte ledd.

#### **Falske dokument ved søknad om opptak og godkjenning av utanlandsk utdanning**

- Å klargjere kva reglar som skal gjelde ved bruk av falske dokument ved søknad om opptak og ved generell godkjenning av utanlandsk utdanning.

#### **Behandling av personopplysningar**

- Å fastsetje ein eigen paragraf i fagskulelova med heimel for fagskulane til å behandle personopplysningar og for departementet til å gje forskrift, men behalde detaljreguleringa i fagskuleforskrifta, samt klargjere reglane om behandling av sensitive opplysningar.

Fagskulen Vestland støttar hovudsakeleg forslaga i høyringsnotatet, men vil nytte anledninga til å kommentere nokre av departementet sine forslag til endringar. Merknadene er knytt til kapitla om institusjonsakkreditering, NOKUTs tilsyn og saksbehandlingsreglar, studiepoeng og økonomiske og administrative konsekvensar.

**Høyringsfråsegn:****Høyringsfråsegn – forslag til endringar i lov og forskrift om høgare yrkesfagleg utdanning**

Styret ved Fagskulen Vestland viser til høyringsnotat datert 22.06.2023 om forslag til endringar i lov og forskrift om høgare yrkesfagleg utdanning. Styret takkar for moglegheita til å få komme med høyringsfråsegn.

Styret er godt nøgd med departementet sine forslag til endringar, og har tillit til at endringane vil styrkje fagskulesektoren ytterlegare.

Styret ved Fagskulen Vestland vil med dette nytte anledninga til å kommentere dei enkelte kapitla i høyringsnotatet.

**Institusjonsakkreditering**

Styret ved Fagskulen Vestland er svært positive til at departementet vil opne opp for at fagskular kan søkje om institusjonsakkreditering. Styret meiner at institusjonsakkreditering er det naturlege neste steget for ein sektor i sterk vekst, og med fleire godt etablerte fagskular. Fagskulen Vestland har, gjennom langvarig og tett samarbeid med arbeidslivet, erfart at behovet for raskt å kunne opprette nye utdanningar har vorte større. Ei institusjonsakkreditering vil gje fagskulane moglegheit til raskare å etablere utdanningar i takt med arbeidslivet sitt behov for kompetanse.

Styret ved Fagskulen Vestland er samd i at det vil vere naudsynt å måtte stille særskilde vilkår for institusjonsakkreditering og at nærmare vilkår og kriterium, samt reglar for tilsyn, bør fastsetjast i forskrift, på same måte som øvrige akkrediteringsordningar i høgare yrkesfagleg utdanning. Styret støttar forslaget om at departementet får heimel til å fastsetje vilkår og kriterium i forskrift, og for NOKUT til å fastsetje utfyllande føresegner.

Styret ved Fagskulen Vestland meiner at departementet bør leggje vekt på følgjande ved institusjonsakkreditering:

- Det bør vere krav om at fagskulen har minst éi fagområdeakkreditering frå før, ettersom områdeakkrediteringar gjev fagskulane erfaring med å akkreditere eigne utdanningar.
- Det bør vere krav om at fast tilsette i undervisningsstillingar har ein tilstrekkeleg andel av årsverket avsett til fagleg utvikling.
- Det bør vere krav om at fagskulen kan dokumentere at fagområdeakkrediteringa vert forvalta på ein god måte, og at fagskulen har erfaring og interne ressursar til å vareta institusjonsakkrediteringa.

**Unntak frå reglane i fagskulelova**

Styret ved Fagskulen Vestland støttar forslaget om at departementet kan opne opp for permanente unntak frå reglane i fagskulelova. Styret legg til grunn at terskelen for unntak vil vere høg, og at unntaka berre vil gjelde for heilt spesielle fagskuleutdanningar som ikkje kan gjennomførast utan unntak frå regelverket. Styret støttar departementet sitt forslag om å regulere eit generelt unntak frå lova, og ikkje eit særskilt unntak for Forsvarets fagskuleutdanningar.

Styret ved Fagskulen Vestland støttar forslaget om at departementet kan fastsetje spesielle opptakskrav og krav som skal gjelde under fagskuleutdanninga i forskrift, samt forskrift om saksbehandlinga i desse sakene.

**Dispensasjon frå kravet om fullført og bestått vidaregåande opplæring for opptak til fagskuleutdanning**

Styret ved Fagskulen Vestland støttar forslaget om å opne opp for dispensasjon frå kravet om fullført og bestått vidaregåande opplæring for opptak til fagskuleutdanning, for å hindre urimeleg behandling av enkeltsøkjjarar. Styret legg til grunn at unntaksregelen vil vere snever, og berre kan nyttast der heilt spesielle omsyn gjer seg gjeldande.

**Permisjon og forbod mot gjengjelding ved varsling**

Styret ved Fagskulen Vestland støttar forslaget om å innføre ein generell, nasjonal regel om rett til permisjon frå studiet. Styret støttar òg forslaget om at det vert innført ein regel om at studentane har rett til å varsle om kritikkverdige forhold ved fagskulen, og eit forbod mot gjengjelding ved varsling. Styret ved Fagskulen Vestland støttar at fagskulelova § 28 vert kjønnsnøytral, ved å bytte ut «far» med «barnets andre forelder».

**Akkreditering**

Styret ved Fagskulen Vestland støttar forslaget om at definisjonen av omgrepet «akkreditering» vert endra til «[...] et vedtak basert på en faglig vurdering av om en institusjon eller et studietilbud oppfyller standardene og kriteriene som er fastsatt i eller med hjemmel i denne loven».

Styret ved Fagskulen Vestland støttar forslaget om å flytte heimelen til å ileggje søknadskarantene ved avvising eller avslag på søknad om akkreditering, og tilbaketrekking av akkreditering, frå fagskuleforskrifta til fagskulelova.

Styret ved Fagskulen Vestland støttar forslaget om å klargjere fagskulelova § 9 tredje ledd bokstav f, slik at styret si plikt til å sørge for at verksemda vert drive i samsvar med gjeldande lovar og reglar også inkluderer ein systematisk kontroll med vilkåra for akkreditering, som del av fagskulen sitt interne kvalitetsarbeid.

Styret ved Fagskulen Vestland støttar forslaget om å klargjere departementet si myndigheit til å gje forskrift om akkreditering, tilsyn og kvalitetssikring av fagskuleutdanningar i fagskulelova § 5.

**NOKUTs tilsyn og saksbehandlingsreglar**

Styret ved Fagskulen Vestland støttar forslaget om at dei grunnleggjande premissane for NOKUTs tilsynsverksemd vert samla i ny § 5 a i fagskulelova. Styret støttar òg forslaget om at fagskulane si bistands- og opplysningsplikt vert flytta frå fagskuleforskrifta til ny § 5 a, og at NOKUT får heimel i lovføresegna til å påleggje retting ved manglar.

Styret ved Fagskulen Vestland støttar forslaget om å flytte NOKUTs heimel til å vedta bortfall av retten til å få behandla søknad om akkreditering og retten til å opprette nye utdanningar frå fagskuleforskrifta til ny § 5 a. Styret støttar derimot ikkje forslaget i ny § 5 a tredje ledd andre punktum om at midlertidig vedtak om bortfall av rettar kan fattast «samtidig» som fagskulen får pålegg om retting. Etter dagens reglar kan NOKUT først fatte vedtak dersom NOKUT, ved nytt tilsyn etter opprettingsfristen, finn at forholda ved fagskulen framleis ikkje er tilfredsstillande, jf. fagskuleforskrifta §§ 49 og 50. Styret meiner dagens ordning bør vidareførast i ny § 5 a, og at vedtak om bortfall av retten til å få behandla søknad om akkreditering og retten til å opprette nye utdanningar berre kan treffast etter utlaupet av ein fastsett rettefrist. Denne ordninga vil også vere i samsvar med gjeldande § 3-1 og forslaget til ny § 3-6 i universitets- og høgskulelova.

Styret ved Fagskulen Vestland støttar forslaget om at heimelen for NOKUTs sanksjonsvedtak skal vere ei «kan-føresegn», og at fagskulen sin rett til å krevje nytt tilsyn vert flytta frå fagskuleforskrifta til ny § 5 a i fagskulelova. Styret støttar òg forslaget om å flytte heimelen for tilbaketrekking av akkreditering frå fagskulelova § 5 til ny § 5 a, og forslaget om å presisere at NOKUTs åtgang til å trekkje tilbake akkrediteringar skal gjelde for alle typar av tilsyn og akkrediteringar.

**Studiepoeng**

Styret ved Fagskulen Vestland støttar forslaget om å fastsetje ein eigen paragraf i fagskulelova om studiepoeng, kor innhaldet frå dagens reglar i fagskulelova § 17 andre ledd og fagskuleforskrifta § 39 vert samla.

Det er viktig for styret å understreke at studiepoeng frå fagskular skal vere likeverdig med studiepoeng frå universitet og høgskular, og at dette bør gå klart fram av regelverket. Statusen til studiepoeng frå fagskular er, etter styret si mening, ikkje i stor nok grad anerkjend i UH-sektoren.

**Vilkår for treårig fagskuleutdanning**

Styret ved Fagskulen Vestland støttar forslaget om å klargjere innhaldet i fagskulelova § 4 a om departementet si myndigheit til å fastsetje forskrift om vilkår for fagskuleutdanningar mellom 120 og 180 studiepoeng.

**Skikkaheit og skikkanemnd**

Styret ved Fagskulen Vestland støttar forslaget om å endre fagskulelova § 26 første ledd om skikkaheit og skikkavurdering, og å samle departementet sine forskriftsheimlar i fagskulelova § 26 femte ledd.

**Falske dokument ved søknad om opptak og om godkjenning av utanlandsk utdanning**

Styret ved Fagskulen Vestland støttar forslaget om å klargjere kva reglar som skal gjelde ved bruk av falske dokument ved søknad om godkjenning av utanlandsk fagskuleutdanning etter fagskulelova § 7 og ved opptak til fagskuleutdanningar etter fagskulelova § 16 a, samt tillegget i fagskuleforskrifta § 43.

**Behandling av personopplysningar**

Styret ved Fagskulen Vestland støttar forslaget om å ha ei overordna regulering med heimel til å behandle personopplysningar i fagskulelova og å behalde detaljreguleringa i fagskuleforskrifta, samt å gje departementet heimel til å fastsetje forskrift om behandling av personopplysningar i fagskulelova. Styret støttar endringane i reglane for behandling av sensitive personopplysningar.

**Økonomiske og administrative konsekvensar**

Fagskulesektoren har lenge vore i sterk endring, med stadig nye og strengare krav til drift av fagskulane. Styret ved Fagskulen Vestland ser positivt på at fagskulestudentane har fått styrkte rettar på fleire sentrale område, og at krava til kvalitetssystem o.l. har vorte høgare.

Styret vil likevel gjere merksam på at finansieringa til fagskulesektoren ikkje har auka, sjølv om krava til sektoren vert stadig fleire og meir omfattande. Særleg har endringane dei siste åra vore økonomisk og ressursmessig krevjande for administrasjonen, samstundes som finansieringa til administrasjon har vore uendra. Fagskulane vil særleg bruke store ressursar i arbeidet med søknad om institusjonsakkreditering og i arbeidet med å akkreditere utdanningar sjølv, samstundes som ordninga med institusjonsakkreditering vil redusere kostnadane for NOKUT og departementet. Styret ved Fagskulen Vestland stiller seg derfor uforståande til at dei økonomiske og administrative konsekvensane av forslaga ikkje gjev seg utslag i auka budsjetttrammer for fagskulesektoren.

**Vedtakskompetanse**

Høyring om forslag til endringar i lov og forskrift om høgare yrkesfagleg utdanning er ei open høyring.

**Konklusjon**

På bakgrunn av saksframlegget vil rektor tilrå at styret for Fagskulen Vestland gjev høyringsfråsegn om forslag til endringar i lov og forskrift om høgare yrkesfagleg utdanning slik det kjem fram av saka.